

# **Strategi og retningsliner 2016-2019 nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK)**

Formålet med tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket er at det ut frå regionale og lokale prioriteringar vert stimulert til auka verdiskapning i skogbruket, samstundes som miljøverdiar knytt til biologisk mangfald, friluftsliv, landskap og kulturminne både blir tatt vare på og utvikla vidare.

Kommunen er pliktig til å utarbeide lokale retningsliner for prioritering av søknader etter § 3 i forskrift om tilskot til nærings og miljøtiltak i skogbruket (NMSK forskrifa). Dette dokumentet held fram dei prioriteringar og strategiar som vart vedtekne i Utval for drift og utvikling for perioden 2012-2014. Det er viktig at skogbruket og skogeigarar får langsiktige og stabile rammer å drive etter, då skogbruket opererer med lange tidsperspektiv.

Tilskotsordninga er styrt gjennom eiga forskrift, som deler oppgåver og ansvar mellom Fylkesmannen og kommunane. Tilskotsordninga dekker fleire ulike felt, og det er delt mellom kommunen og fylkesmannen kven som har ansvaret for tildeling og tilråding. Men det er viktig å peika på at fylkesmannen har rettleiande satsar for dei tiltak kommunen løyver tilskot til. Kommunen fastsett sjølv tilskotssatsen, men for å unngå store forskjellar mellom kommunane har fylkesmannen kome med rettleiande satsar.

## **Kommunens prioriteringar av NMSK-tilskot:**

### **1. Miljøtiltak i skog:**

Skjøtselstiltak som tek vare på og utviklar miljøverdiar.

#### **Prioriteringar:**

- Økonomisk tap knytt til langsiktig bevaring av spesielle miljøverdiar.
- Område som er registrert i naturbasen.

#### **Tilskotssats:**

- Miljøtiltak i skog; miljøverdiar knytt til biologisk mangfald, landskap og kulturminne – inntil 100 % tilskot

Kommunen bestemmer tilskotssats, prioriterer søknader og løyver tilskot (jf. § 6 NMSK forskrifa).

### **2. Skogsveg bygging:**

Meland kommune vil arbeide for at transport av tømmer (frå stubbe til industri) skjer på ein rasjonell og kostnadseffektiv måte, samstundes som det vert teke omsyn til miljøet.

Vegbygging skal i perioden styrast etter prioriteringar i forslag til Hovudplan veg 2012-2022. Det vert ikkje gjeve tilskott til skogsvegar der kostnaden er under kr. 30 000. Det vert heller ikkje gjeve tilskot til enkle vregar og vegklasse 8.

**Prioriteringar:**

- Vegar bygde som sams tiltak etter jordskiftelova skal ha prioritet framfor enkeltanlegg
- Anlegg i tråd med forslag til hovudplan for skogsvegar
- Større felles anlegg med mykje hogstmoden sko og store produktive areal
- Bilvegar
- Ombygging til bilveg
- Traktorvegar i vegklasse 7 i bilvegtrase kan vurderast

**Tilskotssatsar:**

- Bilvegar klasse 3 og 4 – 30-60 % tilskot. Unntaksvise kan det ytast 70 %
- Traktorvegar klasse 7 – 30-45 % tilskot

Fylkesmannen lagar reglar for tilskot, bestemmer tilskotsprosent og gjer vedtak om tilskot. Kommunen tilrår tilskot (jf. § 5 NMSK forskrifter).

**3. Skogkultur:**

Lovpålagt tilfredsstillande forynging (i hovudsak gran) etter hogst innan 3 år etter hogsten jf. § 6 i forskrift om berekraftig skogbruk og § 6 i lov om skogbruket vert prioritert.

**Prioriteringar:**

- Skjøtsel med sikte på kvalitsproduksjon , i all ungskog som uavhengig av treslag som høver til veksestaden.
- Rydding i plantefelt og avstandsregulering vert prioritert.

**Tilskotssats:**

- Nyplanting i hogstfelt – 30 % tilskot
- Nyplanting; skogreisingsmark, treslagsskifte til gran – 65 % tilskot
- Suppleringsplanting i gran og furufelt – 65 % tilskot
- Lauvrydding i plantefelt – 65 % tilskot
- Avstandsregulering – 65 % tilskot

Kommunen bestemmer tilskotssats, prioriteter søknader og løyper tilskot ( jf. § 4 i NMSK forskrifter).

**4. Skogsdrift med taubane, hest o.a.:**

Det kan gis tilskot til uttak av tømmer med taubane, hest o.a. En føresetnad for å få tilskot er at det er gjennomført registrering av miljøkvalitetar i området. Er dette ikkje gjort skal det

stillast krav om at dette vert gjennomført. Føremålet med tilskot er å auka skogbruket skogbruket si verdiskaping i vanskeleg terrengr.

**Prioriteringar:**

- Det er eit krav at område vert forynga som kravd i § 6 i forskrift om berekraftig skogbruk og § 6 i lov om skogbruket.
- Vidare er det satt som vilkår at for å få tilskot at alle drifter over  $300\text{ m}^3$  skal godkjennast av fylkesmannen i samråd med kommunen. Drifter under  $300\text{ m}^3$  treng ikkje førehandsgodkjenning.
- Avverkningsarealet må vere over 3 daa, og ha eit ståande volum på minst  $4\text{ m}^3/\text{daa}$ .

**Tilskotssats:**

- Gran -  $80\text{ kr/fm}^3$  i tilskot
- Furu og lauv –  $100\text{ kr/fm}^3$  i tilskot
- For bruk av hest og løypestreng – flat sats på  $100\text{ kr/fm}^3$  for alle treslag

Fylkesmannen lagar reglar for tilskot, bestemmer tilskotsprosent og gjer vedtak om tilskot. Kommunen tilrår tilskot (jf. § 7 NMSK forskrifta).